

Til

Renate Vognsen – nestleder	1. trinn
Siv Kristin Herikstad Laland – sekretær	2. trinn
Karina Danielsen – styremedlem	3. trinn, ikke til stede
Therese Fossnes – leder	4. trinn
Gunn Cecilie Åsland – kasserer	5. trinn
Nina Holen – styremedlem	6. trinn
Anja Schubert – styremedlem	7. trinn
Sigrid Kjetland – rektor	-

### Referat frå FAU-møte 19. mars 2024, kl. 18.00-19.00, Lye skule

#### 1. **Rektor orienterte:**

- a. **Nye reglar for bruk av mobil/mobilklokker på skulen** etter nye retningslinjer frå staten. Frå no av oppmodar Lye skule til at mobilar/mobilklokker blir liggjande heime. Dersom dei av ulike grunnar må vere med til skulen, må dei liggje avskrudd i skulesekken imens elevane er på skulen. Skulen vil informere foreldre om dette.
- b. **Det blir ATO-avdeling på Lye skule.** Delar av skulen skal byggjast om, og det vil kome 15 ATO-plassar i tillegg til tilsette til denne avdelinga. Dagens avdeling for kunst- og handverksrom vil bli flytta til paviljongen som no er under oppussing. Andre rom som, Kreativ sone, vil også bli flytta. Vestlege uteområdet mellom skulen og idrettshallen vil bli endra til bruk for ATO-avdeling. Skulen vil også få fleire grupperom og tilgang til uteområdet utanfor paviljongen.

FAU fekk presentert ein skisse for endring av uteområdet og "drop-off-området" i samband med det nye ATO-området. Det kom innspel om å i same omgang fjerne kantsteinene/skiljet mellom veg og gangsti akkurat der bussen hentar elevar etter skulen. Her kan det ofte vere trangt, og vanskeleg for bilar å passere, og det vil moglegvis bli enda trangare om det er fleire drosjar som hentar barn på same stad.

#### c. **Foreldreundersøking.**

Lye skule og Lye SFO scorer bra på undersøkinga. Dei fleste tala ligg på opp mot 4 poeng, eller over 4 poeng. Poenga målast frå 0 til 5. Mobbetala er også gode (låge), og ligg under landsgjennomsnittet, med unntak av 6. trinn som ligg litt over landsgjennomsnittet. 7. trinn har så lave mobbetal at det ikkje kjem opp tal for dette.

**2. Byte av skulefotograf?** Vi har fått eit tilbod frå Lima Foto.

Vi går for å bytte då denne leverandøren gir ein rimelegare pris til foresatte som ønskjer å kjøpe bilete etter fotografering. FAU ønskjer òg at det blir teke bilete av alle på skulen anna kvart år, og i tillegg alltid av første og sjuande trinn. (Alltid for 7. trinn er nytt). Vi ønsker å halde fram med skulebok med bilete av alle anna kvart år.

**3. Sommerfest 12. juni.**

Alle i FAU-styret skal samle inn tre gåver/gevinstar kvar til loddsalg på sommaravslutninga. Fleire forslag til potensielle gåvegjevarar vart fordelt. Inntektene frå loddsalet går til FAU, som igjen støttar ulike aktivitetar for elevane.

**4. Eventuelt:**

- a. Gåver i bursdagsselskap. Det har kome inn ønske om at det berre blir gitt ein felles gåve, eller at det berre blir gitt 50-lapp i gåve. FAU ønskjer ikkje å være meir presise i si oppmoding til gåver i bursdagsselskap enn den som er no, kor det oppmodast om å gje pengar eller gåve til verdi av 50 kr.
- b. Mobilbruk. Nokon foreldre og elevar opplever at det er mykje mobilbruk i barneselskap og på diskotek som blir arrangert på fritidsklubben for elevane frå 1. til 7. trinn. FAU oppmodar til at mobiltelefonar blir liggjande heime når barna går i selskap og på diskotek.

Sekretær Siv Kristin Herikstad Laland